



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Deres ref	Vår ref	Dato
16/05809-4	16/1284-	27.06.2016

Tildeling av midlar til utvida TT-ordning

Vi viser til Samferdselsdepartementet sitt brev datert 28. april 2016 med invitasjon til å søkje om midlar til utvida TT-ordning. Departementet har motteke 14 søknader.

For 2. halvår 2016 tildeler Samferdselsdepartementet midlar til følgjande fire fylke:

Aust-Agder	4 500 000 kr
Møre og Romsdal	3 212 200 kr
Nord-Trøndelag	4 500 000 kr
<u>Østfold</u>	<u>9 275 625 kr</u>
	21 487 825 kr

Stortinget har løyva 22 mill. kr til utvida TT-ordning på budsjettet for 2016. I Samferdselsdepartementet sin invitasjon til å søkje, gjekk det fram at dei tre fylka som allereie var omfatta av forsøksordninga, ville bli prioriterte. I tillegg har departementet valt Aust-Agder, som kan tilby brukarane i fylket 200 turar innanfor den tilgjengelege budsjetttramma.

Vi takkar alle som har sendt søknad, og for informasjon og innsikt omkring TT-ordninga i fylka.

Den statlege ordninga med utvida TT-tilbod er i samsvar med føresetnadene for Stortinget sitt løyvingsvedtak.

Departementet er merksam på og viser til uttale frå Likestillings- og diskrimineringsnemnda 5. september 2014 (sak 19/2014). Bakgrunnen for saka var at ein TT-brukar meinte å ha rett til eit større TT-tilbod enn fylkeskommunen hadde gitt vedkomande sett på bakgrunn av kva

andre TT-brukarar hadde fått tildelt. Nemnda peikte på at det i slike saker må gjerast ei individuell vurdering og at det er naturleg at ein tek utgangspunkt i vurdering av funksjonsgrad. Det er difor viktig at fylkeskommunane i slike tilfelle t.d. krev legeattest som gir grunnlag for ei slik vurdering.

Samferdselsdepartementet ber om at det vert rapportert om bruken av midlane etter nyttår 2017, saman med nøkkeltal frå rekneskapen. Vi vil komme att til dette i seinare brev. Vi tek atterhald om at departementet eller Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Spørsmål om ordninga kan rettast til Arnfinn Øen på e-post aoe@sd.dep.no eller telefon 22 24 82 63, eller til Ole Rasmus Owe på e-post oro@sd.dep.no eller telefon 22 24 82 62.

Med helsing

Anne-Lise Junge Jensen (e.f.)
avdelingsdirektør

Ole Rasmus Owe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.

Kopi til:

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Norges Blindforbund
Norges Handikapforbund

Adresseliste

Akershus fylkeskommune	Sentraladministrasjonen	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Pb 788 Stoa	4809	ARENDAL
Finnmark fylkeskommune	Henry Karlsensplass 1	9815	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404 Bedriftssenteret	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Seilmakergata 2	7735	STEINKJER
Oslo kommune - Byrådsavdeling for eldre og sosiale tjenester	Rådhuset	0037	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Telemark fylkeskommune	Fylkeshuset	3706	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Vestfold fylkeskommune	Postboks 2163	3103	TØNSBERG
Østfold kollektivtrafikk	Postboks 220	1702	SARPSBORG